

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

BuzzyBee Tatto Knarvik  
Kvernhushaugane 10  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1279 - 17/12015

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

26.04.2017

## Godkjenning av lokale og hygienetiltak for BuzzyBeeTatto Knarvik

BuzzyBee Tattoo Knarvik ved Tommy Råen har søkt om godkjenning av lokal for å drive med tatoveringsverksemd. I samsvar med "Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v." § 5, skal lokal nytta til tatoverings- og holtakingsverksemd vera godkjent av kommunestyret før dei blir teke i bruk. I Lindås kommune er godkjenning og mynde til å føre tilsyn delegert til miljøretta helsevern ved kommuneoverlegen.

Søknad om godkjenning vart sendt til Miljøretta helsevern i Lindås kommune den 4.11.17. Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde var på tilsyn ved BuzzyBee Tattoo Knarvik den 25.4.17. Med på tilsynet var eigar Tommy Råen av BuzzyBee Tattoo Knarvik og hans kone Karoline Råen.

I søknad har Tommy Råen beskrive internkontrollsystemet, samt gjennomgang av arbeidsprosessen før, under og etter tatovering. BuzzyBee Tattoo nyttar berre sterilt eingongsutstyr som oppbevarast i merka behaldarar.

### *§5 Krav til lokaler og godkjenning av disse*

*"Lokalene skal være utformet, innredet og utstyrt på en slik måte at rengjøring, desinfeksjon/sterilisering og oppbevaring av utstyr kan skje på en hygienisk tilfredsstillende måte for å forebygge overføring av smittsomme sykdommer.*

Synfaringa synta at lokalet er innreia etter formålet.

Det er ikkje eige toalett i verksemda, men grunna storleiken til verksemda, vurderast det som tilfredsstillande med toalett i næringsbygget.

Miljøretta helsevern har ikkje påvist avvik ifrå forskrifta og kan godkjenne BuzzyBee Tattoo Knarvik etter forskrifta.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

Forskrifta sitt føremål er å "sikre tilfredsstillende hygieniske forhold og forebygge overføring av smittsomme sykdommer ved virksomheter omfattet av forskriften".

**Vedtak:**

Med heimel i "Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v." vert BuzzyBee Tattoo Knarvik godkjent.

**Lovheimel:** "Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v" av 6. mai 1998, med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1 siste ledd jf første ledd pkt. e) og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelselova) § 8 andre ledd og § 10 fjerde ledd.

Med helsing

Terese Folgerø  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Om klage over vedtak:**

§ 11. Klage over vedtak

Fylkesmannen avgjør klager over vedtak truffet av kommunestyret etter denne forskrift, jf. lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid § 19.

**Kopi til:**

Hogne Haugsdal  
Tommy Råen  
Ørjan Raknes Forthun

5067

BERGEN